

Sogn og Fjordane mot 2020

– Kva plass har frivillig kulturbeid etter region- og kommunereforma?

ETTER 257 ÅR som sjølvstendig eining vert Sogn og Fjordane fylke historie, i 2020 når fylket vert del av nye Vestland fylke. Samstundes vert talet på kommunar redusert frå 26 til 19 innanfor den gamle fylkesgrensa.

FORMÅLET MED KOMMUNEREFORMA er å sikre gode tenester og eit godt lokaldemokrati. Regjeringa vil mellom anna sikre innbyggjarane gode og likeverdige tenester, styrke lokaldemokratiet og ha robuste og berekraftige kommunar. Målsetninga er altså å sikre at kommunane har tilstrekkelege ressursar, både økonomisk og fagleg til å levere disse tenestene no – og i åra som kjem.

REGJERINGA HAR M.A. føreslege å overføre delar av kultursektoren som no vert administrert av statlege organ til dei nye fylka. Men Sogn og Fjordane Ungdomslag kan ikkje sjå at kulturlivet er nemnt som faktor i kommunereforma. Men med større og meir slagkraftige kommunar, meiner vi at det òg må gje seg uttrykk i større ambisjonar innanfor kultursektoren. Skal desse kommunane i framtida ha rolle som regionale motorar, må dei òg ta større ansvar som kulturkommunar, med eigne kultursjefar, kulturkonsulentar og med mandat og midlar til å satse på det frivillige kulturarbeidet.

SOGN OG FJORDANE opplever nedgang i folketalet. Sogn og Fjordane Ungdomslag trur at kommunar som evner å sjå heilskapen i kulturlivet, og trekke vekslar på det frivillige kulturarbeidet, vil stå sterkare i konkurransen om å tiltrekke seg nye innbyggjarar.

VI GJER SJØLVSAGT

nokre val når vi bur i Sogn og Fjordane, men det betyr ikkje at vi ikkje skal ha eit godt og variert kulturtilbod. Vi må kanskje heller våge å tenke litt annleis og spele på andre strenger enn kommunar dominert av tettstader og bysentrum.

SOGN OG FJORDANE

ER heller ikkje et homogent fylke. Det er store variasjonar i kulturpolitikken mellom kommunane. Frå Fjaler, Førde og Gløppen som har kultursjefar eller kulturleiingar, kor vi òg har teaterfestival, Førdefestivalen og musikkfestival, til kommunar som ikkje utmerker seg med ein aktiv kulturpolitikk, korkje i administrasjon eller blant politikarar.

KULTURBAROMETERET TIL TELEMARKSFORSKING syner at kulturutgiftene i Sogn og Fjordane



PLASS: Kva plass har det frivillige kulturarbeidet i den nye regionen, er eitt av spørsmåla i denne kronikken.

(Foto: Eikås Ungdomslag)

samla sett lågare enn landsgjennomsnittet, men seks av 26 kommunar brukar òg meir enn landsgjennomsnittet. Samstundes gir låge kulturutgifter òg dårlegare føresetnader for eit godt kulturtilbod. Det kan bli spanande å sjå korleis kulturbarometeret ser ut etter reforma!

DETTE BETYR IKKJE at kommunar i Sogn og Fjordane ikkje har moglegheiter og økonomi til å satse på et variert kulturliv. Til forsvar for kommunane er tala til Telemarksforsking noko misvisande. Kulturbarometeret bygger på offentleg statistikk. Her er det berre kommunalt eigde kulturbygg som vert fanga opp av statistikken. Lite av det som skjer på dei 400 lokale, dugnadsdrivne kulturbygga som kvar dag har aktivitar retta mot born og unge, vaksne og eldre, er representert her! Dette er bygg som husar mykje av den daglege kulturproduksjonen i alle kommunane i fylket. Slike bygg står òg ovanfor

utfordringar, enten det er økonomi eller kva aktivitetar dei skal rette seg mot.

I 2010 ETABLERTE difor Sogn og Fjordane Ungdomslag prosjektet Huset i bygda (HiB). Frå starten har formålet vore å hjelpe, støtte og inspirere alle typar organisasjonseigde kulturbygg i Sogn og Fjordane. Slik håper vi å med-

verke til å skape meir synlege, sterkare og framleis relevante kulturbygg.

TEK VI OMSYN til alt det som skjer rundt i dei ulike bygde- og grendelaga, så det skjer det mykje, og det skjer spennande ting i mange kommunar! Samstundes har utvilsamt mange kommunar mykje å hente på å samarbeide tettare med dei aktørane som HiB representer.

HUSET I BYGDA får ofte spørsmål frå huseigarar og andre som er involvert i lokale kulturbygg om korleis det er mogleg å auke engasjementet og aktivitetar knytt til sine hus. Vi trur at fylkes- og kommunesamanslåinga i 2020 kan gje nye utfordringar, men òg moglegheiter for lagseigde kulturbygg og kommunar som maktar å sjå kva ressursar som ligg i desse husa.

3. NOVEMBER VIL difor HiB og Sogn og Fjordane Ungdomslag, med økonomisk støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, arrangere kulturbyggkonferanse. Tema for konferansen er m.a. innbyggjarmedverknad, og korleis lags-eigde kulturbygg kan bli betre på å aktivisere og engasjere born- og ungdom.

KORLEIS KAN VI engasjere og kva kan vi gjere for at born- og ungdom føler seg heime i «våre» kulturbygg?

VI HAR INVITERT føredragshaldarar som kan gje oss gode, praktiske innspel på korleis det er mogleg å lykkast i dette arbeidet. Ved å fokusere på gode døme frå

både lag og privatpersonar som har lukkast i sitt arbeid med å skape varig engasjement vonar vi å skape debatt og diskusjon om dette temaet på kulturbyggkonferansen.

MELLOM ANNA KJEM Kai Roger Vatne, ny generalsekretær i Noregs Ungdomslag. Han vil fortelje om Noregs Ungdomslag og lagsarbeid. Han kjem frå jobben som seksjonsleiar hjå Røde Kors. Han har òg jobba som journalist i Firda og er såleis godt kjent med Sogn og Fjordane.

SÅ KVA ER ein god kulturkommune for Sogn og Fjordane Ungdomslag?

EIT GODT UTGANGSPUNKT er ein kulturkommune med eit definert ambisjonsnivå, som har kunnskap og vilje til å realisere ein kulturpolitikk for sin kommune, det er ein kommune med nærvær, med kontakt, med engasjement, med kultursjefar og kulturkonsulentar, med vilje til å prioritere den lokale kvardagskulturen. Og ikkje minst er det kommunar med engasjerte kulturpolitikarar!

DETTE ER KOMMUNAR som vil bidra til å utvikle sine lokalsamfunn. Dette trur vi òg er kommunar som vil oppleve positiv omdømmebygging og stå fram som vinnarar i kampen om nye innbyggjarar.

Christoffer Knagenhjelm
Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane



Christoffer Knagenhjelm
KRONIKK